

Kyrkjetonar



Kvardagsgleder

Då pinsedagen kom, var alle samla på ein stad. Brått lét det frå himmelen som når ein sterk vind blæs, og lyden fylte heile huset dei sat i. Tunger, liksom av eld, synte seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei. Då vart dei alle fylte av Den heilage ande og tok til å tala på andre språk etter som Anden gav dei å forkynna.

Apostelgjerningane kap 2, 1-4

Framsidediletet:
Frå speidarleir på Blikshavn, Karmøy.
Foto: Line Immel

Kyrkjetonar
Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.
Fire nummer i året: mars, juni, september og desember
Redaktør: Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net
Redaksjon: Anne Tove Øvrebø, Ingrid Hustoft Landro, Edvin Gjerde, Inger Magrethe Pedersen-Espevold
Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10
Girokonto: 3240.07.61212. Frivillig kontigent: kr. 150,-
Kasserar: Børge Løype, 5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22
Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Kyrkja i Tysvær
Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn
Telefon*: 52 75 77 00
Internett: www.tysvaerkirken.no
E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn
telefaks: 52 75 77 10
åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 13

Kyrkjekontoret for Nedstrand sokn
telefaks: 52 75 77 21
åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

På sosiale medier spreier trendar seg fortare enn nokon gong. Og viss du nølar bittelitt så rekk du ikkje henga deg på før neste farsott har inntatt Facebook eller Instagram.

Kanskje rakk du ikkje å bada medan det framleis var ein trend på facebook? Då kan du henga deg på dagens trend: Skriv tre positive ting, tre dagar på rad.

Det finst alltid ein forskar som er villig til å seia "det er farlig" om nye trendar - men denne gongen trur eg dei tar feil. Kanskje er det nokon som lyg litt, eller overdriv litt når dei skal skriva sine positive ting. Men kan me ikkje heller sjå på dette som ein treningsleir.

Viss du klarar å finna tre positive ting, tre dagar på rad er du på god veg mot å snu tankegangen din. Pleier du å klaga på været eller naboen - då har du godt av å øva på å leita etter positive ting i kvardagen.

Det er enkelt å lyga på Facebook, men viss det får deg til å sjå det positive i alle situasjonar så er det kanskje greitt med ei "kvit løgn"?

Er du ikkje på Facebook, seier du? Då kan du vel overføra denne trenden til det verkelege liv. Eg utfordrar deg: Denne veka skal alle samtalar du har, innehalda minst ein positiv merknad om den du snakkar om og/eller til.

Bladpenger
Giro på bladpenger er vedlagt dette nummeret av Kyrkjetonar. Me vonar du set pris på å lesa bladet, og at du betalar giroen dersom du ynskjer å bidra til å dekkja kostnaden med produksjon av bladet.

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta: 1. juni

redaktørens hjørne



Bildet til venstre: Thor Inge Hansen med Flanellografen. Øverst til høyre: Daniel Gaupås. Nederst til Høyre: Kjersti H. Lofthus og Atle Totland

Påskekveldsmat på Simenklubben

tekst: Kjersti H. Lofthus/ foto: Liv Tryti

Simenklubben er en klubb for ungdom og voksne med en utviklingshemming. Vi samles i Aksdal kyrkje en mandagskveld i måneden. På Simenklubben har vi god tid til å prate og bare være i lag.

Flere av deltagerne er veldig glad i å synge, så det gjør vi en del. Vi synger alt ifra salmer til sanger av Knutsen og Ludvigsen. Deltagerne har vært med å

dramatisere bibeltekster. Vi har også sett film og lyttet til lydbok om Josef i vinter. Andakten er et fast innslag. Noen ganger spiller vi bingo, quiz eller andre spill.

Før sommeren pleier vi å ha en tur sammen med lørdagskafeene i Vår Frelsers og Norheim menigheter. I fjor gikk turen til Røver, og i år skal vi til Sandbekken. For en del av deltagerne er det et høydepunkt med weekender til Nesjatun på sydspissen av Bømlo, som arrangeres i samarbeid med Diakonistiftelsen Rogaland. Noen er også så heldige at de skal få være med på ferietur til Solgården i Spania i pinsen. Gjett om de gleder seg!

Den 7. april feiret vi påske sammen. Vi fikk høre og se påskebudskapet, for Liv hadde funnet fram flanellografen. Deltagerne hjalp villig til med både figurene og fortellingene fra påsken. Vi sang også mange påskesanger før vi koste oss med en deilig påskekveldsmat.

En flott gjeng å være sammen med!
Hilsen Kjersti og Liv



Påskekveldsmat på Simenklubben

Det er såtid og grotid i landet vårt. Rundt omkring står tre og blomar i fullt flor og dagane har vore solrike og fulle av fuglesong og livsglede.

Alt det som veks gir løfte om noko som skal komma. Eit håp om noko som me kan gle oss til. Det kan vera poteter, grønsaker, bær eller frukt. Eller kanskje kan det vera ei rose du gler deg til å sjå ferdig utsprungen, eller ein markblom du gler deg til å finna.

Me er inne i den tida der me minnest at Jesus for opp til himmelen, og der han gav løfte om at han skulle senda Den Heilage Ande. Læresveinane hadde noko å venta på. Dei hadde eit håp om noko som skulle komma. Og me veit at på pinsedag så fekk læresveinane Den Heilage Ande.

Eg kunne ikkje tenkje meg å leva utan å ha eit håp. I kvardagen kan ein håpe på så mangt, både smått og stort. Ein kan håpe at ein får sleppe sorg, får vere frisk, får fint ver, får kjekke dagar, får mykje plommer til hausten osv. Og me kan håpe på masse i livet – som gjeld familien, vennene våre og oss sjølv. Men det er ikkje det håpet eg skriv om.

Det er eit **håp som står over alle**: Det himmelske håpet er mitt viktigaste håp. Og kor finn eg så det håpet? I Bibelen kan me lesa om det!

Håpet mitt er knytt opp i mot eit kors, eit tomt kors, fordi Jesus døydde og vart lagt i ei grav. Men Jesus er ikkje i grava heller. Håpet mitt er knytt opp i mot ei tom grav – fordi Jesus stod opp igjen og grava **var** tom og **er** tom.

Håpet mitt er knytta opp i mot ein som i det gamle testamentet vart kalla «Israels håp» og som seinare vart fødd og fekk namnet Jesus. Jesus er mitt håp. Han kom for å gi oss framtid og håp.

I **Hebreerbrevet 6, 19** står det at «*håpet er eit trygt og fast anker for sjela*», så fantastisk! Eit anker er jo for at båten skal liggja trygt. Så trygt, ja, tryggare, er mitt håp, fordi det når heilt inn i himmelen.

Jesu død på korset utsletta alle mine og dine synder og at han stod opp att viser at den bergingsaksjonen Gud sette i verk, er heilt fullført. Difor har eg håp!

I **Efeserbrevet 1, 18** les vi: «*Må han lysa opp auga til dykkar hjarte, så de får innsikt i kva håp han har kalla dykk til,*» – så fantastisk!

Motsett ord av håp er håpløst. Det finnes nesten ikkje noko som er så trist som når det ordet er ein realitet – utan håp: Det er berre vondt – og me ynskjer ikkje for nokon at det skal vere aktuelt! Sjølv om døden kjem og tek meg ut or dette livet – og alt virkar håpløst – så har eg eit evig håp om ein himmel der eg skal få møta Jesus. Måtte du og eiga dette håpet og har du Jesus i hjarta så har du håp fordi:

Då Jesus sto opp frå grava og viste seg som seierherre åpna Han håpets port – for deg og for meg!

*Eit anker for sjela, eit feste trygt
i heilagdommen, som Jesus har bygt
Ein heilagdom bygt med torner og kross
fullbrakt og ferdig for alle oss*

*Eit håp som held, når det bles frå nord
Om sorga er mørk og tung og stor
Guds løfter står fast, det ankeret held
til eg finn kvile ved livsens kveld.*

Glimt frå 200års markeringa på 17.mai. Aksdal kyrkje er ein naturleg del av folkefesten.

foto: Asbjørn Erdal



Flott friluftsgudsteneste på Loten

av Edvin Gjerde

Det vart ein fin dag langt sør på Bokn for alle som denne søndagen valde å gå på felles friluftsgudsteneste på Loten. Tema denne søndagen var bøn. Og alle dei som ba om fint vær vart bønheyrde. Men kan nokon hugse at været har vore dårleg på nokon av alle friluftsgudstenestene som har vore der til nå?

Kan hende var det rekorddeltaking dette året. Mange var det i alle fall som møtte opp. Boknarar og tysværbuar trivst i lag. Det gjer godt å vera mange. Ein utrøleg fin og lun plass i hagen som Leiv Våga

stiller til rådvelde. Naturens eigen katedral. Her var musikk og klokkeklang. Og ein fin tale av soknepresten om bøna si viktige rolle i kristenlivet.

Etterpå tende verten opp grillen, og grillsakene kom fram. Det vart kaffi og grillmat. Folk samla seg rundt bordene og praten gjekk. Mens andre vandra litt omkring for å snakka med kjende. Så pass på. Vonaleg kan me treffast der igjen neste år. Og har du ikkje vore der før, så må du ikkje la høve til ei fin oppleving gå forbi ennå ein gong.

Smaksprøve på K/M-klubben



26.april var 7.klassingane frå Førland og Tysværvåg inviterte til K/M-klubben i Tysværvåg. Målet med kvelden var å bli kjent med kvarandre og med klubben.

Denne kvelden var det først andakt og idrettsaktivitetar på skulen, og deretter aktivitetar og matservering på Tysvær Soknehus.

av Marit Sofie Teistedal Vikre



Internasjonal vårfest



tekst: Kjersti H. Lofthus/ foto: Janina Wörmann

Mandag 5. mai var det Internasjonal vårfest i Aksdal kyrkje. Gla`sang sang og Arne Aurdal hadde andakt.

Det ble servert rømmegrøt, kalkunhamburgere med salat og kyllingpølser. Etterpå var det kaker og kaffe/te og is til barna. Ca 65 var tilstede. Land utenom Norge som var representert: Buthan, Colombia, Palestina, Syria, Spania og Tyskland. Det var leker og aktiviteter for barna. Speidere hadde leker med barna i gymsalen.

Årets store hit var fletting av hår. Anna Maria fra Colombia tryllet frem de vakreste frisyrene. Lou Ann hjalp til, og det var laaaang kø hos frisøren. Barna kunne gått rett i bryllup, og vi er sikre på at de fikk mange beundrende blikk på skolen dagen etter. En hyggelig fest for små og store.



Gla`sang



Kan tro vi har en flott gjeng sangere i Aksdal kyrkje!

Vi har nettopp avsluttet semesteret med å synge på internasjonal vårfest. Det beste på festen var visst å få fletta håret sitt av Anna Maria fra Colombia, og mange gikk veldig fornøyde hjem den kvelden!

Gla`sang har tatt sommerferie nå, men vi gleder oss til å møtes igjen til høsten. Vi øver i Aksdal kyrkje hver mandag, og øver fram mot ulike sangoppdrag.

Koret har det veldig kjekt sammen, både når vi synger, leker og iblant drar på tur. Vi synes at det er godt å høre til i Gla`sang, og tar gjerne imot flere som vil synge med oss.

Oppstart: mandag 25. august kl 16.45

Sted: Aksdal kyrkje, hovedinngang

Alder: 2. -7. klasse

Kontakt: Kari Undheim (92 80 81 03)

tekst: Kari Undheim/ foto: Janina Wörmann



Småspeiderleir på Blikshavn

tekst: Kristin T. Skofteland/foto: Line Immel

24.-25 mai var ca 500 samla til småspeiderleir på Blikshavn, Karmøy, og hver femte av disse var fra Tysvær og Bokn, så speideren har ikke rekrutteringsproblemer i våre områder.

Leiren starta lørdagsmorgen med rigging av lavvoer og portal og flaggstenger for hver av de 21 gruppene som var representert. Vi fikk oss en god lunsj før det var kretsmeesterskap. Det er en natursti med 25 poster med alt en speider skal ha kjennskap til; fra bibelkunnskap til knuter, førstehjelp og naturkjennskap. 60 patruljer var mer eller mindre konsentrerte i et par timer. Deretter var det frilek i det fine været på det flotte området vi har tilgjengelig på Blikshavn. Om kvelden var det grilling nede ved stranda, og leirbål/underholdningskveld som ungdomslederne stod for.



Etter en natt med mer eller mindre søvn var det frokost og aktivitetstorg med mye å velge mellom: Livlinekast, runaway, seljefløyte, vandrestav, hinderløype, papirbretting, knutetavler, strikkgevær, eventyrløsning, papirbretting, vennskapsbånd, pinnebrød, trykkluftkanon, pil og bue, tresverd, kubb, førstehjelp, kimsleik, og diverse ballspill

Hele leiren ble avsluttet med friluftsgudstjeneste ved Arne Aurdal, og da var også mange foreldre og familie kommet for å være med.

Takk til alle ungdommer, foreldre og ledere som gjør en flott innsats for å få til en god leiropplevelse for alle småspeiderene.





Song og KOS i Aksdal kyrkje

av Greta Skorpe Eleverhaug

Liker du litt hopp og sprett? Liker du song og musikk? Er du 1,2,5 eller 7 år? Då er Minisong og KOS det rette for deg!

Anna kvar onsdag er det liv og røre i kyrkja i Aksdal. Mellom 40-70 ungar finn vegen til kyrkja for å synge, leike litt og ha det fint i lag med andre. For dei vaksne er det prat og kaffi i kyrkjestova medan ungane øver på Minisong.

KOS er eit tilbod til dei minste mellom ca 1 - 4 år saman med ein vaksen. Etter at songen og musikken har stilna, er det leik for ungane og dei vaksne kan prate og drikke kaffi i stova i kjellaren.



Ein gong i månaden har me kveldsmat i lag etter øvinga; vaksne og ungar. Kveldsmaten blir laga til på dugnad av foreldre og dei er også med og ryddar og vaskar opp etterpå.

Onsdag 17. september 17.30 startar Minisong og KOS opp att etter sommarferien.

Velkommen til Aksdal kyrkje anna kvar onsdag i partalsveker i haust!



Vårsamling for rådsmedlem og tilsette

Aksdal kyrkje 8 mai.

av Ingrid Hustoft Landro/ foto: stab

Biskop Erling Pettersen var tilstades og alle var kledd til fest. Og fest vart det! Fyrst med eit fint program i kyrkjerommet med tale ved biskopen, rapport om gleder og utfordringar frå kvart sokn, og fin musikk frå Stein Johannes Kolnes, Ingrid Hustoft Landro og Karen Undheim.

Tankefulle og litt rikare blei forsamlinga så leia ut på kyrkjetorget der det blei servert god middag og marsipankake ved festpynta bord. Etter maten fekk me spenstig musikk av Arne Elverhaug, Lars Røthe og Kari Undheim og stemningen var sett: NO skulle Terje feirst! Staben hylla sin kjære, avtroppande, kyrkjevevje med dramatisering av hendingar frå kvardagen på kontoret og med song og talar. Prosten, biskopen, fellesråd og sokneråd talte og overrekte gåver, og kort oppsummert var det ingen tvil om at Terje Fjeldheim har vore rette mann på rett stad. Heldigvis vil han gå litt i gongane fortsatt og forsvinn verken frå kyrkja sitt liv eller våre liv.

Etter denne hyllesten var det på høg tid å ynskje påtroppande kyrkjevevje velkommen. Eva Birkeland er ei flott dame som me alle gler oss til å bli betre kjende med, og staben lovar på ære og samvit å ta godt i mot henne. Men det er heilt forståeleg om ho har fått litt kalde føtter etter vår hyllest til Terje og dramatisering av korleis livet er på kyrkjekontoret.



Song til Terje frå staben

Aksdal kyrkje 8.mai

Mel. Blåveispiken

Ja, kjære Terje, nå er vi kommet til denne triste, fortrenge dag. Vi skjønte nok at den måtte komme, så derfor står vi her nå i lag.

Vi har så mye vi kunne si'e om denne sjefen så god og skjønn. Og alt vi sier er ment fra hjertet, og du må tro oss, det er vår bønn.

Mel. Kjerringa med staven

Terje, kjære Terje. Terje, Terje, TERJE! Alle sammen spør, og alle maser på. Rydde, rigge skrive..."Terje, hjelp oss nå!" Rydde, rigge, skrive... Tenk, du er i live!

Terje, du må komme, skapene er tomme! Lyden vår er vekke og vi mangler saft. Kan du flytte bordet, gi oss kosteskaft. Alt du har å gjøre! Mye må du høre!

Terje, har du penger? Mye nytt vi trenger! Kan vi få ei hylle, kan vi få en fest? Kan vi få en sofa? Godt at du vet best hvordan trylle penger til alt som vi trenger!

«Vi digge digge digge digger deg! Du er så god og snill og grei! Vi digge digge digge digger deg, ja du gjør alt for meg! We love you, og vi har deg kjær, du er oss alltid nær! Vi digge digge digge digger deg, og håper at du digge digger meg!

Mel. Ingen er så trygg i fare

Alle er så trygg med Terje som vår gode kyrkjevevje. Du kan lytte, du kan tale og du unngår hver skandale.

Våre ønsker opp du teller tørker tårer som vi feller. Du gir omsorg, mot og styrke så vi holder ut vårt yrke.

Om du går, vi vet du bliver fortsatt du til kirken giver: Du vil hjelpe, du vil være med din kunnskap - Gud til ære!



Biskop Erling Pettersen (t.h.) var med på vårsamlinga i Aksdal kyrkje for m.a. å markera avtroppande kyrkjeverje Terje Fjeldheim og påtroppande Eva Birkeland.

Bli kjent med Eva Birkeland – Kyrkja i Tysvær si nye førstedame

av Ingrid Hustoft Landro/Eva Birkeland

Eva Birkeland - dama som vågar å hoppe etter Wirkola. Å overta kyrkjeverjejobben etter Terje Fjeldheim kan så visst gi kalde føtter og nervøse rykningar, og mange har sagt at det vil vere nesten umogleg å fylle hans sko. Men så fann fellesrådet henne, og jammen ser det ut til at ho har motet og alt som skal til for å utføre jobben på ein alldeles strålande måte; som seg sjølv, med sine egne sko.

Då det skulle kunngjerast for staben kven som blei den nye kyrkjeverja i Tysvær, presenterte fellesråds-leiaren henne som ei dyktig dame med rik erfaring, endringskompetanse og kulturengasjement, og ei som var flink med blomster, både med å stelle og å gi. Kyrkjetonar har stilt henne nokre spørsmål for å bli litt betre kjent med personen bak desse rosande orda; vår nye kyrkjeverje.

Om seg sjølv svarer ho at ho er fødd og oppvaksen i Haugesund. Etter studier i Oslo flytta ho med mann og barn til Førde i Hordaland. Der har ho no budd i 30 år. Ho har tre søner i alderen 22, 30 og 32 år og eit barnebarn på to år.

Eva er ei dame med lang erfaring som kyrkjeverje i Sveio. Før ho byrja der var ho innom fleire ulike arbeidsplasser innan KFUM/K: «Dei første åra i mi yrkeskarriere var i KFUM og K. Først som ettåring i Grimstad, så foreingssekretær i

Oslo KFUM, så to år som administrasjonssekretær i Oslo og Akershus krets og til slutt eit år som ungdomsarbeidar i Ynglingen i Kristiansand.»

Kyrkjetonar veit at Eva Birkeland har mykje av æra for etableringa av Valestrand kulturkyrkje. Me har spurt ho kva som er hennar hjertesaker, både som kyrkjeverje og livet elles. Ikkje uventa går svaret i retning kultur og formidling: «Kulturarbeid i vid forstand. Heilt frå ungdommen har kulturarbeid fanga mi interesse. I KM brukte eg mye tid på drama og forkynning. Tok ein del kurs i faget som eg nytta i arbeidet. Har seinare både hatt regien på større oppsetjingar for tensingkoret Key Stone i Haugesund og for fleire konfirmantprosjekt i Førde. Valestrand kulturkyrkje har og vore eit utruleg spennande prosjekt som kan feire 10 år denne hausten. Vidare er eg oppteken av at kyrkja sine bygg og anlegg skal vera funksjonelle, samstundes som ein tar vare på den kulturverdien dei representerer.»

Eva er ei blomsterdame. Det viste ho allereie den fyrste veka på jobb i Tysvær. 8.mai var Aksdal kyrkje dekkja til fest, og dama bak blomsterdekorasjonane var Eva. Ho spanderte Rododendron i eit breitt fargespekter frå eigen hage og lot desse pryde festborda, til stor glede for alle dei fargesprakande og blomsterglade tilsette og frivillige som kom på festkvelden.

I sommarhalvåret prøver ho å finne mest mogleg tid til arbeid i dei to hagane sine i Førde og Haugesund. Ho innrømmer glatt at ho er nokså hekta på Rododendron som ho har planta rikeleg av i Førde, der det er perfekt jordsmonn for planta. Gler seg derfor stort over at det skal opnast ein stor Rododendronpark i Førde nå i juni. Elles bruker ho ein del tid i ulike styrer og utval. Ho er òg glad i å reise, enten det er kort eller langt. Både om sommaren for å finne varmen eller om vinteren for å kjenne når kulda bit.

Eva har no jobba side om side med avtroppande kyrkjeverje, Terje Fjeldheim i nokre veker. Kyrkja i Tysvær har eit mangfoldig arbeid og mange tilsette, og det er mykje for ein nyttilsett å sette seg inn i. Kyrkjetonar spør om Eva har rukke å danne seg eit inntrykk av sin nye arbeidsplass: «Ja, det må eg seie. Eg har blitt møtt med stor hjartevarme i eit svært opent miljø. Opplever eit stor engasjementa for våre mange tenester. Bygg og anlegg er velhaldne og funksjonelle. Så eg håper at eg kan klare å vere med å vidareføre dette i lag med tilsette og frivillige. Eg gler meg verkeleg over å vere ein del av kyrkja i Tysvær.»

I staben i Kyrkja i Tysvær legg dei vekt på å lese ein bibeltekst kvar dag ved lunsjen. Samstundes ber dei for arbeidet, for personar og situasjonar i kyrkjelydane, og for spesielle emne som blir lagt fram. På ein arbeidsplass med så tydeleg profil er det difor og naturleg å spørje den nye kyrkjeverja om ho har eit favorittbibelvers. Svaret er den nydelege salma som mange får kvile i, Salme 23. Med dei orda takkar me for intervjuet og ynskjer Eva Birkeland lykke til med jobben og Guds fred og signing over liv og teneste:

Salme 23 23 En salme av David.

*Herren er min hyrde,
jeg mangler ikke noe.*

*2 Han lar meg ligge i grønne enger,
han leder meg til vann der jeg finner hvile.*

*3 Han gir meg nytt liv.
Han fører meg på rettferdighets stier
for sitt navns skyld.*

*4 Om jeg enn skulle vandre i dødsskyggens dal,
frykter jeg ikke noe ondt.
For du er med meg.
Din kjepp og din stav,
de trøster meg.*

*5 Du dekker bord for meg
like foran mine fiender.
Du salver mitt hode med olje.
Mitt beger renner over.*

*6 Bare godhet og miskunn
skal følge meg alle mine dager,
og jeg skal bo i Herrens hus
gjennom alle tider.*



Globalambassadør og tur til Afrika
tekst: Kaja Marie Leversund/ foto: Ragnhild S. Lundetrae

Kaja Marie sammen med Eda, en av jentene som bodde på senteret

I mars 2014 deltok Kaja Marie Leversund som Globalambassadør for speiderne i KFUK-KFUM og reiste derfor ned til Ilula i Tanzania. Her opplevde hun mange spennende ting.

Kaja Marie reiste ned til Tanzania i lag med 4 andre norske, 3 speidere, en fra KM-Global, og en fra KFUK-KFUM.

Hun deltok som førskolelærer for barna på IOP-senteret og var med å lage såpe og murstein. Alt arbeid var rettet mot å gjøre Ilula og Ilula Ophran Program (IOP) mye enklere å gjennomføre.

“Noe av det som jeg likte best med oppholdet mitt, var latteren som spredte seg i rommet. Hvor glade og fornøyde alle var for så lite som de hadde, det er et viktig budskap som man kan ta til seg her i Norge.”



Kaja Marie som førskolelærer på "pre-school" i Ilula



Når det er misunning og strid mellom dykk, er de ikkje då styrte av kjøtet og går fram på same måten som alle andre menneske? Når ein seier: «Eg held meg til Paulus» og ein annan: «Eg til Apollos», er de ikkje då som alle andre menneske?

Kva er vel Apollos? Og kva er Paulus? Tenarar som hjelpte dykk til tru! Begge gjorde vi det Herren hadde sett oss til:

Eg planta,
Apollos
vatna, men
**Gud
gav
vekst.**

Så er dei ikkje noko, korkje den som plantar eller den som vatnar. Berre Gud er noko, han som gjev vekst. Den som plantar og den som vatnar, er eitt, men dei skal få løn, kvar etter sitt eige arbeid. For vi er Guds medarbeidarar; de er Guds åkerland, Guds bygning.

Paulus sitt fyrste brev til Korintarane. Kap. 3, 4b - 9

Lappar og nestekjærleik

Ein solfylt onsdag i mai kom nokre av 3. klassingane frå Bokn skule over til Boknatun. Dei skulle få lære litt om diakoni og nestekjærleik. Etter litt frukt og prat hadde me ei samling om "Den miskunnsame samaritan" og "Den gylne regel".

Diakon Kjersti H. Lofthus var og med oss denne dagen. Me var godt med vaksne medhjelpere, så vaffelsteikinga og steiking av lappar gjekk fint. Nokre dekkja bord og pynta fint med rhododendron. 4 konfirmantar var og med og hjelpte til. 3. klassingane laga ferdig bilete sitt med "Den gylne regel" før dei steikte lappar og vafles.



Kl. 14.00 kom pensjonistane for å vere i lag med oss på "kafe." Det var allsong og me koste oss med vafles og lappar, saft og kaffi. Det såg ut for at alle hadde det bra. Leiv Våga fortalde frå då han var liten gut. Han viste bilete og det var fleire av borna som hadde ei bestemor eller ein bestefar på bileta i svart/kvitt.

Diakoni handlar mellom anna om å bry seg om kvarandre, om å sjå nesten sin. Me trur at aktivitetane og samlinga i regi av Kyrkjener blei ei god oppleving for 3. klassingane og dei eldste på Bokn denne fine maidagen.



Glimt frå

5. klasseleir på Stemnestaden kodeB



Konfirmantopplæring 2014-2015.

Nå er tida snart inne for påmelding til konfirmasjon for neste år.

Det blir konfirmantopplæring i Førresfjorden, Straumen, Nedstrand, Bokn og Tysvær. Alle 8.klassingar har fått brosjyre om konfirmasjon i posten, og skulane vil få besøk frå kyrkja med nærmare informasjon om opplegg og evt påmelding/innskriving.

I Nedstrand, Skjoldastraumen, Tysvær og Førresfjorden er påmeldinga på tysvaerkirken.no Bokn har påmelding på kyrkjaibokn.no Nettpåmeldinga blir opna 10.juni.

Konfirmantopplæringa er for alle som ynskjer det. Difor vil vi legge opp til tilpassa opplegg for dei som treng det. Oppstart av nytt konfirmantår blir i august/september.

Har du spørsmål kan du ringe kyrkjekontoret for nærmare opplysningar.Tlf: 52 75 77 00. Velkommen til eit nytt konfirmantår!

Våren 2015 blir konfirmasjon avvikla desse dagane:

Bokn kyrkje: 3.mai
Aksdal kyrkje: 2.og 3.mai
Tysvær kyrkje: 9.og 10.mai
Nedstrand kyrkje: 10.mai
Skjoldastraumen kyrkje: 3. mai

Kjære konfirmant!

Da jeg møtte deg første gang var du en i mengden. Jeg hadde kanskje sett deg før, men kjente deg ikke. Nå ligna du veldig på mange av de andre. Mange hadde lik hårfasong, samme typen klær og sko, og i mine øyne var det vanskelig å huske hvem som var hvem. Jeg ble veldig nysgjerrig og tenkte: Hvem er du egentlig? Hva tenker du på? Hva er du interessert i? Hvordan har du lyst til å bruke dine talenter?

Etter hvert begynte du å sende SMS-er med praktiske spørsmål. Du viste hvem du var i timene, og ansiktet ditt og personligheten din ble tydeligere for meg gjennom det du sa, gjorde og måten du var sammen med de andre konfirmantene på. Du var en av konfirmantene, og du var unik. Hver av de andre konfirmantene var også unike.

Nå har det gått 8 måneder. Konfirmasjonsdagen – dagen der du var i fokus for hele familien din- er over. Festdagen, dagen der du ble bedt for i kirka, dagen med de store ordene om framtida di.

Hva tenker du nå? Hva vil du med livet ditt? Har konfirmasjonstida betydd noe for deg, og vil du fortsatt ha Gud med i livet ditt?

Jeg drømmer om at du og alle de andre konfirmantene fortsetter å bli med i ungdomsarbeidet i kirka og stikker innom på gudstjenesten av og til! Jeg håper at du opplever at det er godt å kunne be til Jesus, og jeg håper at du har Bibelen din på nattbordet og leser i den av og til!

Kanskje kan du bruke gavene og talentene Gud har gitt deg til å gjøre en forskjell for andre mennesker? Du hører til i Guds familie, og der er du et viktig familiemedlem!

«Legg din vei i Herrens hånd. Stol på Ham. Så griper Han inn.» Salme 37,5.

Ta dette bibelverset med deg i hjertet, og benytt deg av Guds gode råd for alle de viktige valgene du skal ta i livet ditt!

Fred, og alt godt for deg!

Marit Sofie Teistedal Vikre, kateket i Tysvær.



Noen av årets konfirmanter på årets 17.mai-feiring i Aksdal. f.h. Kine Haraldseid Kallevåg, Tiril Johanne Tveitastøl, Birgitte Auestad, Oda Søvik og Sofie Vestbø. Foto: Asbjørn Erdal.

Søknad om politiattest

av Kristin T. Skofteland

Det er kommet nye rutiner for politiattest for de som utfører oppgaver eller har tillitsverv med oppgaver eller omsorg for mindreårige i menighetene.

Er du over 18 år kan du sende søknaden om politiattest elektronisk. Har du nettbank, kan du bruke samme pålogging for å sende søknad om politiattest.

Gå til elektronisk søknadsskjema
<https://attest.politi.no/>

1.Logg inn

Logg inn med MinID, BankID, Buypass eller Commfides. Dette bekrefter din ID, og du skal derfor ikke legge ved kopi av legitimasjon.

2.Valg av formål

Velg rett formål fra nedtrekksliste i skjema:

*"Kirken Den norske kirke
Personer som lønnet eller ulønnet skal tilsettes, utføre oppgaver eller inneha tillitsverv i Den norske kirke der vedkommende vil ha omsorg for eller oppgaver knyttet til mindreårige.
Kirkeloven § 29 andre ledd, jf. Politiregisterloven § 39, første ledd."*

3.Bekreftelse på formål

- Ta kontakt med kyrkjekontoret og få tilsendt bekrefelse
- Du kan skanne eller ta bilde av bekreftelsen hvis du ikke har den digitalt.
- Følgende filformater er tillatt: docx, doc, pdf, jpg, jpeg, png, tiff, tif.
- Filen må ikke være større enn 4 MB

4.Teknisk informasjon

Løsningen fungerer best med de nyeste versjonene av Internet Explorer, Firefox, Chrome eller Safari. Sitter du bak en brannmur eks. på arbeidsplassen, kan det oppstå problemer med opplasting av filen.

Har du ikke mulighet til å søke elektronisk, eller er under 18 år og derfor trenger foresattes underskrift, bruker du skjema som ligger tilgjengelig under menyvalget "Politiattest" og sender søknaden til:

Politiets enhet for vandelskontroll og politiattester
Postboks 113
9951 Vardø
Tlf.: 78 98 93 60

Øverst i søknadsskjemaet må du sette "Politimesteren i Østfinnmark politidistrikt" som mottaker av søknaden.

Stell av gravplasser i Tysvær



Tlf: 93 21 66 79/52 75 88 60

Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

 **Kirkens SOS**
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST



Ja vi elsker dette landet – det er ikke lett å si adjø

av Line Immel og Janina Wormann

Nå er den tiden kommet der vi skal reise tilbake til Tyskland. For de som ikke kjenner oss, vi er to jenter fra Tyskland. Janina, 21 år og Line 20 år. Vi jobbet som ettåringer her i Aksdal kyrkje. Janina har vært vikar ungdomsarbeider det siste året. For ett/to år siden kom vi hit og har hatt en kjempe fin tid i Tysvær. Det er vanskelig for oss å forstå at det snart er slutt. Og at vi må reise hjem fra denne fine plassen her.

Gjennom vår ettåringstjeneste og vikartid, har vi fått et godt innblikk i arbeidet til Den Norske Kirke og KFUK-KFUM i Norge. I de forskjellige gruppene og aktivitetene lærte vi mye mer om den norske kulturen. Vi har jobbet med barne- og ungdomsarbeid i menigheten. Det har vært kjekt å få bli kjent med mange hyggelige og motiverte barn og ungdommer. Og fått tilbringe tid sammen med dem.

Vi har lært mye om oss selv, og har fått nye erfaringer. Dette kommer godt med senere i livene våre. Sammen med norske og internasjonale venner har vi fått mange gode opplevelser. Her i Norge har vi lært at det finnes ikke dårlig vær, men bare dårlig klær. Vi har begge lært oss å stå på ski, med variert resultat. Det har vært gøy på skiturene, og vi har klart oss bra. Den perioden vi har vært her har vi reist litt rundt i Norge, der vi har opplevd flere forskjellige sider av dette flott landet. Når vi ser tilbake på denne tiden har vi lært noen av deres "vaner", som lørdagsgrøt, går tur uansett vær med tights og joggesko, spiser taco hver fredag... Og dette er noe vi kommer til å ta med oss hjem til Tyskland.

Vi har hatt en kjempefin tid her i Norge, og er veldig takknemlig for den. Uten de menneskene rundt oss hadde den ikke vært så fin!

Vi vil takke hele menigheten, for den vennligheten og åpenheten de har vist oss. Takk til staben i Aksdal kyrkje, vi er takknemlige for at vi fikk bli kjent og har fått jobbe sammen med dere. Takk for at dere hjalp oss og ga oss kraft i vanskelige tider. Dere er en flott gjeng, vi kommer til å savne lunsjpausen med det gode humøret deres. En stor takk til familien Østhus. Dere hjalp oss til å føle oss hjemme her. En spesiell takk også til Kristin T. Skofteland, du er den beste veileder vi kunne ha tenkt oss. Det var så kjekt å jobbe sammen med deg og vi har kost oss sammen med deg på jobb.

Nå er det studie som venter på oss. Vi ser tilbake på vår tid i Norge med ett øye som gråter og ett som smiler. Vi er sikker på at det ikke er et farvel for alltid, men et på gjensyn. Vi kommer til å savne livene våre i Norge og spesielt våre gode kolleger og venner her!



**Tusen takk for oss!
Line og Janina**



av Edvin Gjerde

Det har vore eit fint år for speidargjengen som held til på Tysvær Soknehus denne vinteren. Mange nye born har meldt si interesse. I tillegg kom mange foreldre som ønskte å vera med å støtte opp om arbeidet. For det trengs eit godt støtteapparat. Uteaktiviteter av mange slag krev mange medhjelparar. I dag har me ein god gjeng med leiarar. Det er gledeleg, seier Olav Vikre, primus motor i speidararbeidet i bygda. Han kan sjå attende på mange år i dette barne og ungdomsarbeidet. Men han seier klart frå at han er svært takksam for alle som har vore med i desse åra.

Når tok så det heile til?

Hausten 1992 starta dei opp. 9.september for å vere heilt presis. Det var den tida Finn Bårdsen var sokneprest i Tysvær. Det var 5.klassingane som fekk tilbodet. Både gutar og jenter. Den gongen var det to forbund ein måtte slutte seg til. KFUM for gutane og KFUK for jentene. I dag er desse slått saman til eit. Då var dei 4-5 leiarar og 12 born. I dag tel dei 53 med små og store. Den gongen heldt dei til på skulen i Tysværvåg. Nå er det soknehuset som er basen. Men som me veit: speidarar er utefolk! Det er ute det skjer. Veret er inga hindring.

Kva driv ein med er det kan hende nokon som spør? Lage knutar vil nokon svare, og bygge lavo med stokkar og tau. Me har sett bilete i avisa av kunstferdige bygg. Men det er mykje meir. Leikar og konkurransar. Førstehjelpskurs og orientering. Og så turar. Til Havnaholmen, Straumane og Søre Åsen. Matlaging i det fri, gjerne rundt eit bål med song og andaktsstund. Lære seg å bruke kniv og sag. Dei eldste speidarane får leiaroppdrag for dei minste. Lære om planter og dyr i naturen, og ta vare på miljøet. Naturkunnskap i praksis! Med alderen veks oppgåvene. Ein gong i året har dei eit felles opplegg med Bokn. Kampen om vikingskipet heiter det. Det startar i kveldinga og varer utover natta. Det omfattar heile krinsen.

Kvart fjerde år er det landsleir. Første gongen dei drog av stad var til Solør i 1994. I år er det Asker som gjeld. Denne gongen saman med Skjold. Difor er det ei viktig oppgåve nå å førebu seg til landsleiren. Dei minste får og smake leirlivet. Dei skal til småspeidarleiren på Karmøy,. Den er på Blikshavn og er ei årvisssamling for krinsen. Den varer frå formiddag til ettermiddag neste dag. Då får dei prøve overnatting!

Kan hende du undrar på om dette er noko for deg og dine born? Då må du møte opp på Sandbekken 26.mai. Då har me invitert 2.klassingane som ledd i rekrutteringsarbeidet for neste år. Der kan du få vite meir og få ein liten forsmak på kva det er å verta speidar. Det vert samstundes ei sluttmarkering for dette året.

Heilt til dette siste året har me rekruttert frå 5.klasse. Men sist haust gjekk me ut med tilbod til 3. og 4. klassingane. 3-5. kl vert då stifinnarar og frå 6.klasse får ein bli med vandrartroppen. Men for dei som ennå ikkje kan vera med i dei 2 nemnde gruppene kan familiespeidaren vera eit alternativ. Der er det stifinnarar saman med yngre søsken og foreldre som dreg på tur. Og kan hende ei rovergruppe og er med. Passande aktiviteter er lagde inn.





Møyfrid Hauge er frivillig medarbeider i Kirkens SOS og inviterer til innføringskurs for nye medarbeidere med oppstart 1. oktober.

Fakta: Om Kirkens SOS i Rogaland

Etablert i 1979

Eies av 45 menigheter, Kommunene Stavanger, Sandnes, Randaberg og Sola, Rogaland Fylkeskommune, Stavanger bispedømmeråd, Kirkens Bymisjon, Ynglingen, Frikirken, IMI og Det norske Diakonforbund.

110 frivillige medarbeidere på telefon og chat

To vakter à 4 timer pr. måned

Besvarer 16 000 henvendelser pr. år

Vaktrom i Stavanger og på Haugalandet

Innføringskurs for nye medarbeidere starter 1. oktober i Stavanger. På Haugalandet blir det nytt kurs våren 2015

Kontakt:
rogaland@kirkens-sos.no
eller telefon 51 88 45 15

Trenger flere lyttende ører

- Vi kan ikke løse problemene til de som kontakter oss, men vi kan gå noen skritt sammen med mennesker som sliter, lette litt på deres smerte, eller bare være to lyttende ører, sier Møyfrid Hauge som er frivillig telefonvakt for Kirkens SOS.

Hun har vært frivillig medarbeider i snart tre år, og synes selv hun har mye igjen for å engasjere seg for medmennesker som har behov for noen å snakke med.

Medmennesker

- For meg er dette en fin måte å få bety noe for andre på, og slik forsøke å komme medmennesker i vanskelige situasjoner i møte. Vi møter mange som synes livet er så vanskelig at de ikke orker å leve lenger. Å møte selvmordsnære mennesker på en god måte er en av hovedoppgavene til Kirkens SOS. Det er mange måter å drive diakoni eller medmenneskelighet på, og gjennom dette kan jeg få være med å gi håp til andre, sier Hauge. Hun legger til at det på ingen måte er supermennesker som er med som frivillige.

- Vi er ulike typer mennesker på samme måte som de som ringer inn er forskjellige. Det er ikke vår jobb å være helsevesenets forlengede arm, men vi er alltid til stede for å lytte til andres smerte, ensomhet, sorg og frustrasjoner. Noen ønsker også å bli bedt for, eller at vi tenner et lys for dem.

tekst: Helga Hovland/ foto: Kirkens SOS

Hauge forklarer at samtaler kan utfordre på forskjellige måter, målet er at samtalen skal bli en god opplevelse for den som tar kontakt. Noen ringer også for å takke for at Kirkens SOS er til stede i en vanskelig situasjon. Behovet for samtaler både via telefon og chat på internett er stort, og det trengs flere frivillige for å dekke etterspørselen. I dag er det flere som ringer inn uten å få svar på grunn av mangel på nok frivillige.

Alle frivillige kursen

De frivillige medarbeidere får et obligatorisk innføringskurs. Som frivillig er man også med i en veiledningsgruppe hvor det gis undervisning, og hvor det er mulig å ta opp vanskelige problemstillinger.

- Det var en trygghet for meg med innføringskurset hvor vi blant annet lærte en del om samtalemetodikk, og hvor vi fikk øve på ulike typer samtaler. Fellesskapet med de andre frivillige er både et gode og en styrke med det å være frivillig. Vi er alltid to på vakt sammen. I tillegg er Kirkens SOS en organisasjon som tar godt vare på sine medarbeidere, mener Hauge.

BARNAS -SIDE



Fargelegg

Fargelegg Jesus som fer opp til himlen!



Finn fem feil

Dei to bileta av Jesus som syner seg for læresveinane etter oppstoda er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikningar: Franfou



Søndagsope på Soknatun

Det er kanskje nokon som har lagt merke til arrangementet Søndagsope, og ein god gjeng har også vore med.

Søndagsope på Soknatun har gått ut på at vi har samlast til enkel kveldsmat kl 19, før vi har hatt møte kl 19.30. På møta har det vore andakt, ein del lovsong og høve for å dele nokre tankar/vitnesbyrd. Vi har vore ca 25-30 stk, både heilt små, litt eldre ungar, og vaksne i alle aldrar.

Det har også vore eit par familiemøte denne våren. Dei har starta kl 16, og blitt avslutta med kaffi og kaker. På eit av desse møta hadde vi m.a. besøk av Skjold barnekor. Til saman har det vore sju møte dette halvåret.

Frå hausten av blir det Søndagsope desse søndagane:

Plan for hausten.

Det kan bli endringar, følg med på plakatar!

7. september:

Kveldsmøte. Andakt ved: Roar Flacké

21. september:

Kveldsmøte. Andakt ved: Aud Vihovde Hoftun

5. oktober:

Familiemøte kl. 16.00 Andakt ved: Kørner Høie

9. november:

Kveldsmøte

23. november:

Kveldsmøte. Andakt ved: Gjermund Lygre

Håpar at dei som allereie har vore med på møta framleis har lyst å komme, og hjartleg velkommen til deg som ikkje har vore med endå!



Ingrid H. Landro hadde andakt på familiemøte 4. mai, og fekk god hjelp av ungar frå både Nedstrand og frå Skjold Barnekor.

Møter i Aksdal kyrkje

tirs dagar kl 19.30 i Kyrkjestova

12.8 Norsk Gideon

19.8 Norsk Luthersk Misjonssamband

26.8 Den Indre Sjømannsmisjon

2.9 Det Norske Misjonsselskap

9.9 Normisjon

16.9 Den Norske Sjømannsmisjon

23.9 Norsk Luthersk Misjonssamband (oppstart

møteveke Førre bedehus)

30.9 Israelsmisjonen

Preiketekstane

8. juni	Pinsedag	Joh 20,19–23
9. juni	2. pinsedag	Joh 16,5–11
15. juni	Treenighetssøndag	Matt 28,16–20
22. juni	2. søndag i treenighetstiden	Matt 3,11–12
29. juni	3. søndag i treenighetstiden	Luk 14,15–24
6. juli	4. søndag i treenighetstiden	Mark 10,17–27
13. juli	5. søndag i treenighetstiden	Matt 7,15–20
20. juli	Aposteldagen/6. s. i treenighetstiden	Luk 5,1–11
27. juli	7. søndag i treenighetstiden	1 Mos 16,1–13
3. august	8. søndag i treenighetstiden	6,19–24
10. august	9. søndag i treenighetstiden	Matt 11,28–30
17. august	10. søndag i treenighetstiden	Luk 5,27–32
24. august	11. søndag i treenighetstiden	Matt 23,37–39
31. august	12. søndag i treenighetstiden	Matt 6,24–34
7. september	13. søndag i treenighetstiden	Matt 25,14–30
14. september	Vingårdssøndag / 14. s. i treenighetstiden	Matt 20,1–16
21. september	15. søndag i treenighetstiden	Matt 5,38–48
28. september	16. søndag i treenighetstiden	Mark 7,31–37

Neste nummer kjem i postkassen ca. 24. september.

Frist for stoff til nr 3/2014: 5. september

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Gjennom livet

Døypte

Bokn kyrkje

2013

13.10 Endre Våge
3.11 Milla Alvestad Solberg

2014

19.1 Emil Odland Alvestad
30.3 Lilja Sofie Mæland
Celine Alvestad
20.4 Annabell Kallevik Våge
22.6 Tiril Kristine
Jøsang-Alvestad

Førre kirke

2.3 Tuva Fjell Førre
Selma Mæland
Frida Helen Kismul Matre
Anne Marie Opskar
Nordtveit
13.4 Linnea Stave
Bakken-Pedersen
Signe Førre Halsne
Eskild Slogvik
Oliver Wee Førre Tindeland
Sofie Tønnesen

Aksdal kyrkje

16.2 Mathias Storesund
23.2 Chris Adrian Rødde
16.3 Lilly Aasbø
Erle Aurora Hettervik
6.4 Emil Østhus
Lotte Solesvik
Lucas Solesvik
27.4 Henrik Tjøsvoll Bøe
Filip Feed
Frida Haraldseid Kristiansen
Tiril Førland Ullvang
4.5 Ester Irene Bokn
11.5 Vilde Våga
(Vår Frelzers kirke)
18.5 Mathilde Hessen Hettervik
Mariell Skåland Waage

Nedstrand kyrkje

23.2 Simen Faaland Dalva
Leander Yrke Pedersen

Skjoldastraumen kyrkje

20.4 Marius Nårstad Bjelland
Oliver Vierdal Ihle

Tysvær kyrkje

9.3 Ingrid Baltersen Nesse
Fillip Bringedal
Emma Bringedal
Nora Vassbrekke
17.4 Madelen Bakken Bakka
20.4 Anna Louise Omdal-Jensen

Vigde

Bokn kyrkje

7.9.13 Kristi Laupland og
Glenn Ivan Hemnes

Aksdal kyrkje

5.4 Jill Kadile Villacampa
og Ove Andre Yrke

Skjoldastraumen kyrkje

5.4 Kathrine Askeland
og Pål Christer Saltvig

24.5 Kristine Lindanger
og Erik Bådsvik

Førre kirke

5.4 Åshild Håvås
og Odd Egil Dvergsnes

Jordfesta

Bokn kyrkje

2013

18.1 Arne Våge
26.2 Lilly Marie Sæbø
9.4 Olaf Håland
3.5 Kjellfrid Bokneberg
27.8 Aslaug Hognaland
18.9 Sigurd Berge
1.11 Margit Dorthea Søndeland

2014

7.2 Martha Tobie Våge
13.3 Erna Alfrida Aksdal

Førre kirke

2013

20.11 Gunn Sigrid Ingebrigtsen
27.11 Trygve Jørgensen
28.11 Kristian Hovland
3.12 Ingebjørg Hovland
27.12 Borgny Leite

2014

2.1 Olav Grinde
30.1 Bjarne Åge Vågen
31.1 Gerd Losnegård Berg
6.2 Helene Marie Slogvik
20.2 Mari Kristin Samuelsberg
26.3 Anne Kristin Wee
4.4 Knut Rovik
8.4 Konrad Magne Odland
13.5 Berit Bratthammer

Tysvær kyrkje

27.2 Bernhard Håstø
6.3 Ole Hettervik
28.3 Aslaug Elisabeth Storhaug
28.3 Per Arnulv Nordbø
22.4 Erna Oline Hettervik

Skjoldastraumen kyrkje

13.2 Gerd Turid Aukland Børtveit
7.3 Olea Nordbø

Velkommen til kyrkje



Førre kirke

1.6 kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

3.8 kl 13.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

7.9 kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

5.10 kl 13.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

Tysvær kyrkje

8.6 kl 11.00 1.pinsedag.

Gudsteneste ved Gjermund Lygre og Arne Aurdal.

22.juni kl 13.30

Gudsteneste på Borgøy ved Arne Aurdal. Ein del av Midtsommarfesten i Tysvær.

29.6 kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

20.7 kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

10.8 kl 19.00

Jazzmesse ved Dag Tormod Milje.

24.8 kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

7.9 kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal. Konfirmantpresentasjon. 50årskonfirmantar.

21.9 kl 11.00 Hausttakkefest.

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

Nedstrand kyrkje

8.juni kl 13.00 1.pinsedag.

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

15.juni kl 11.00

Friluftsgudsteneste i Leiranger, Nedstrand, ved prost Norodd Stavenjord. Ein del av Midtsommarfesten i Tysvær

29.6 kl 13.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

13.7 kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

27.7 kl 13.00

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

17.8 kl 19.00

Songgudsteneste ved Arne Aurdal og Ingrid H Landro.

31.8 kl 11.00

Misjonsgudsteneste ved Dag Tormod Milje.

14.9 kl 11.00

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje. Konfirmantpresentasjon.

28.9 kl 11.00 Hausttakkefest.

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

Aksdal kyrkje

8.juni kl 11.00 1.pinsedag.

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

22.6 kl 13.00

Gudsteneste ved Einar Andreassen.

6.7 kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

20.7 kl 13.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

10.8 kl 11.00

Gudsteneste

17.8 kl 11.00

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

24.8 kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

31.8 kl 11.00 Misjonsgudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

14.9 kl 11.00 Hausttakkefest.

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

21.9 kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol. Konfirmantpresentasjon.

28.9 kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

Bokn kyrkje

22.6 kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

13.7 kl 13.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

3.8 kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

17.8 kl 11.00

Misjonsgudsteneste ved Arne Aurdal.

31.8 kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal. Konfirmantpresentasjon. 50årskonfirmantar.

14.9 kl 11.00

Gudsteneste.

28.9 kl 11.00 Hausttakkefest.

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

Skjoldastraumen kyrkje

8.juni kl 11.00 1.pinsedag.

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

22.6 kl 11.00

Gudsteneste ved Einar Andreassen.

6.7 kl 13.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

27.7 kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

10.8 kl 11.00

Friluftsgudsteneste ved Dag Tormod Milje.

24.8 kl 11.00

Gudsteneste.

7.9 kl 11.00

Gudsteneste.

21.9

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje. Konfirmantpresentasjon.

28.9 Hausttakkefest.

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.